



Sak nr 4.18:Fylkesstyrets forslag til Årsmelding 2017

2017 - hovedinntrykk

Også i 2017 har meningsmålingane synt eit stort neifleirtal mot EU-medlemskap på 60 – 70% og om lag 20% for. Dei siste 12 år har me hatt fleirtal på meningsmålingane.

Når det gjeld EØS-saka ser det ut til at denne har kome meir fram i debatten enn før, men me har framleis et arbeid å gjere slølv om enkelte meningsmålingar syner eit fleirtal mot EØS –avtalen dersom alternativet er handelsavtale. Hovudintrykket er at EØS-skepsisen er aukande.

Medlemsutvikling

Ved utgangen av 2017 hadde Aust-Agder Nei til EU 560 medlemmer. Dette er ein nedgang på 52 medlemme fra året før. Medlemstalet vil nok også variere med aktuelle saker som er i debatten til einkvar tid. Men ein nedgang i medlemstalet er bekymringsfullt over tid. Medlemsverving er difor ei viktig sak både for styret og for medlemene.

Årsmøtet 2017

Årsmøtet 2017 vart halde på Landbrukets hus, Skrubbedalsvegen 5, Stoa, Arendal laurdag 1. april kl. 12-16.00. Nestleiar i Nei til EU, Olaf Gjedrem heldt foredrag om aktuelle saker i organisasjonen. Han orienterte og om situasjonen i Europa etter Brexit og behovet for ein ny handelsavtale til erstatning for EØS.

I tillegg til ordinære årsmøtesaker vart det vedteke 4 endringer av fylkeslagets vedtekter. Det vart vedteke ein uttale frå årsmøtet med tittelen: EØS-avtalen må erstattes av en handelsavtale, mener årsmøtet i Aust-Agder Nei til EU

Styret i 2017

Styret vart samansett slik etter valet på årsmøtet:

Leiar:

Olav Lidtveit, Bygland, attval

Styremedlemmer:

Marit Lyby Bakke, Arendal, attval
Jarle Bransdal, Evje og Hornnes, attval
Karen Theresie Andersen, Åmli, attval
Paul Magnus Gamlemshaug, Arendal, attval
Linda Jane Storhaug, Arendal, attval
Tora Jakobsen, Arendal, ny

Varamedlemmer:

1. Olaf Nordbø Bakke, Arendal, attval
2. Lene Langemyr, Grimstad, ny
3. Bjørn Arne Engen, Grimstad, attval
4. Yngve Werner Monrad, Tvedestrand, attval

Valnemnd:

Olaf N. Bakke, attval
Erik Fløystad, attval
Ingebjørg Godkesen, ny

På styremøte den 2. mai konstituerte det nye styret seg slik:

Marit Lyby Bakke, nestleiar
Tora Jakobsen, sekretær
Paul Magnus Gamlemshaug, kasserar

Leiar, nestleiar, kasserar og sekretær vart valde til arbeidsutval.
Linda Jane Storhaug vart vald til kvinnekontakt.

Andre verv i Nei til EU

Paul Magnus Gamlemshaug sitter som direktevalgt i rådet til Nei til EU.

Styrets arbeid

Styret har i kalenderåret 2017 hatt 7 styremøter. Det har vært godt samarbeidsklima i styret, Dette er viktig for å få gjort arbeidet, spesielt no når me ikkje har fylkessekretær i fast stilling.

Arrangementer

Aust-Agder Nei til EU har delteke med stand på messa Naturligvis i samarbeid med Vest-Agder Nei til EU og lokallaget i Evje og Hornnes. Også lokallagsleiaren i Bygland og kontaktpersonen i Birkenes deltok. Me hadde også stand på Arendalsuka i samarbeid med lokallaget i Arendal. I tillegg hadde me stand på Sørlandssamlinga saman med Vest-Agder Nei til EU.

Representasjon og deltakelse

Det var ikkje landsmøte i Nei til EU i 2017.

Den 3. februar deltok me på fylkesleiarsamling.

Den 5. mars deltok me på rådsmøte.

Den 22. og 23. september deltok me på fylkesleiarsamling.

Den 18. og 19. november deltok me på rådsmøtet.

Me har praktisert at det er leiar og nestleiar som møter på sentrale møte, men brukar resten av styret som «varamedlemmer»

Paul Magnus Gamlemshaug er direktevald rådsmedlem og deltek på rådsmøta.

Linda Jane Storhaug er fylkeslaget sin kvinnekontakt og deltek på møte i samband med dette. Representantar frå styret deltek også på lokallagsårsmøta i fylket når det er ynskje om det.

Organisatoriske saker

Stillinga som organisasjonssekretær vart trekt inn 15. januar 2017. Dette var ei svekking av fylkesorganisasjonen og har medført at mange oppgåver som organisasjonskonsulent tok seg av, no er lagde på fylkesstyret. Skal dette gå bra krevst det at fylkesstyret fordeler oppgåvene seg imellom. Ein må rekne med at ei slik omlegging vil ta litt tid og «må gå seg til». Me vil framleis få hjelp fra sentralt til oppgåver me ikkje kan gjere sjølv. Mykje av kommunikasjonen mellom fylkeslaget og sentralt går via «nettet», som til dømes oppdatering av nettsida og informasjon frå Aust-Agder Nei til EU.

Ungdom mot EU / Studenter mot EU

Det vart starta opp et Ungdom mot EU-lag i Arendal i 2016. Det har vore kontakt med leiaren i 2017. Det har vore studentlag på Universitetet i Agder for en tid tilbake, men det er ikke registrert noen aktivitet frå dei i 2017.

Kontakt med lokallaga

Aust-Agder Nei til EU har lokallag eller kontaktpersoner i 14 av fylkets 15 kommuner. Det er stor skilnad på aktiviteten i lokallaga..

Kampanjesaker i Nei til EU

Hovudkampanjen i Nei til EU har også i 2017 vore Noreg ut av EØS. Dette har med fremja på stand i Arendalsuka og på Naturligvis på Evje, og elles der me treffe folk.

Den saka som likevel har dominert aktiviteten vår i siste del av året er satsing mot EU sitt energibyrå ACER. I denne saka har heile organisasjonen vore aktiviser på ulike måtar. Aust-Agder Nei til EU har saman med Vest-Agder Nei til EU hatt stand på Sørlandssamlinga der hovudtemaet var ACER. Me hev mellom anna også skriva brev til stortingsrepresentantane frå fylket og lagt fram vårt syn på saka.

Politiske vurderinger

Det er to hendingar i 2017 som var av stor interesse for Nei til EU.

Den fyrste var LO-kongressen i mai. Den andre var stortingsvalet i september.

Når det gjeld LO-kongressen så var det også denne gongen debatt om EØS-avtalen. Hovedinntrykket etter kongressen er at Lo ikkje har endra stanpunktet sitt. Dei er framleis for EØS-avtalen, men det er aukande motstand, serleg hos mange forbund.

Det var ein spanande valkamp før stortingsvalet der EØS-debatten kom meir opp i debatten en tidlegare. For Nei til EU vart det eit oppmundrande resultat. For fyrste gong fekk stortinget fleirtal av EU-motstandarar. Det er framleis fleirtal for EØS-avtalen, men motstanden har auka og viljen til å buke vetoretten har auka – me er på rett veg. Likevel er me ikkje der me helst vil vere: Ute av EØS.

Difor har me framleis eit arbeid å gjere!